

Anneli Belsvik Aras  
Grovagjelet 7  
5602 NORHEIMSUND

Dato: 09.03.2015  
Vår ref.: 2014/21613-3  
Saksbehandlar: mardixo  
Dykkar ref.:

## Kompensasjonsmidlar 2014 - Avslag på tilskot til HAKU Støtte marknadsføring

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til ovannemnde prosjekt.

Vi må diverre melde avslag på søknaden om økonomisk støtte. Det totalt kom inn 33 søknadar. Av desse blei 17 tiltak og prosjekt prioritert innfor den ramma som var til disposisjon for 2014. Vurdert i høve til andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet.

### Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til;

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga,  
Postboks 7900, 5020 Bergen  
Eller på e-post til [Regional@hfk.no](mailto:Regional@hfk.no)

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi ser at de allereie har klagd på avgjera, og viser til saksbehandlarfeil som årsak. Klaga vil bli handsama i høve til gjeldande retningslinjer og er oversendt til klagenemnda saman med dykkar grunngjeving for klagen.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er;  
Marta Rongved Dixon  
E-post: [marta.dixon@hfk.no](mailto:marta.dixon@hfk.no)  
Telefon: +47-55239316

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre  
Næringssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*